



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2015/1099-2	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	24.09.2015

Referat frå møte i SMU 21.09.15

Desse møtte:

Hildegunn Rønningen – nestleiar FAU
Anne M. Espelid- leiar FAU
Ragnhild Iversen – representant for lærarane
Helene Lauvdal – nestleiar elevrådet
Ann-Karin Fossli – representant for andre tilsette
Edel Valle – representant for lærarane
Hildegunn Saltbones Tveit – politisk representant
Reidun C. Retterholt – representant for kommunen

Forfall:

Gunnhild Reinholt – leiar elevrådet
Steinar Kildahl Kleivane – SMU representant frå elevrådet

Vararep. for elevane, Elias Vee Tveit, kunne ikkje møte.

1) Konstituering:

Leiar: Politisk rep. (førebels Hildegunn Saltbones Tveit)
Nestleiar: Fau-leiar (Anne Margrethe Espelid)

2) Rektor delte ut SMU-rettleiar til nye medlemmar i gruppa og informerte litt om kva Skulemiljøutvalet skal arbeide med – både det fysiske og det psykososiale skulemiljøet.

3) Møteplan for året som kjem blei godtatt: **16.11, 15.02. og 25.04. frå 16.15-19.15 kvar gong.**

4) Rektor gikk gjennom plan og rutiner for elevenes rett til eit godt psykososialt miljø. Den forenkla versjonen, for at det skal vere lettfatteleg. Fullversjonen var sendt heim på førehand. Inga spørsmål.

5) Rektor gikk gjennom plan for brukarmedverknad. Når det gjeld brukarundersøkingane har det kome forslag om at neste gong bør ein legge til rette for foreldresvar i forbindelse med eit foreldremøte. Viktig å få ut informasjon tidleg, slik at så mange som mogleg kan svare. Kanskje kortare svarperiode, slik at det ikkje blir gløymd? Det var heller ikkje god oppslutning blant lærarane.

6) Verksemdsplanen: Ligg på nissedal.kommune.no under skule. Der ligg all informasjonen.

7) Definere kva representantane meiner at kan gje eit betre skulemiljø:

- Sjøppelproblematikk. Mye forsøpling. Kanskje elevane kunne få eit eigarforhald til skulen ved å pusse opp noko – kanskje uversskuret eller eit anna rom på skulen. Ta meir ansvar for skulen sin.
- Fysisk aktivitet er godt for alle. Kommer ut av sine "gjenger" og grupperinger. Kanskje ha felles slåball ein fredag nå og da. Oppleve kvarandre på ein annan måte.
- Godt med fokus på fag. Gje elevane meistringskjensle. Elevane har overskott og ønskjer å lære. Kanskje ein felles quiz for 5.-10. klasse?
- Foreldre snakke vel om skulen til ungane sine.
- Viktig at me vaksne er flinke til å plukke opp søppel når me ser det. Får det bort så fort som mogleg, slik at det ikkje blir meir. Same med skader på bygg, få reparert det slik at det ikkje blir utvida. Det er lettare å forsøple ein stad det flyter med søppel.
- Måle opp "blautkake" og betre "paradis" på skuleplassen bak og eit eget sjakkspel bak.
- Musikkprosjektet! Få ei avklaring på om dette fortsetter. Ta det opp med ungdomsskulelaget.

8) Høyre med elevrådet om ønskje til uteområdet. Kanskje FAU kan søke om fleire middel.

9) Skryt til skulen om heituren som var i veke 36. Godt å få til eit godt skulemiljø på tvers av alle tre skulane.

10) Ordensreglementet blei gjennomgått.

11) Eventuelt:

- Spørsmål om sykkelstativ på småskulen. Har ikkje høyrd frå småskulen at det er problem enda.
- Bruk av Fronter. Bør det tvingast på, at vekeplaner ikkje kjem ut på papir? Det er for mange tekninske utfordringar enda. Men dette må vere eit mål.

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule